



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom i 1. etasje, Stanghelle skule, modulbygget
Dato: 15.05.2019
Tidspunkt: 15:00 – 17:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Bente Sundheim	Nestleiar	H
Bjørg Aase N. Hop	Medlem	AP
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV
Terje Davidsen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Atle Fasteland	Rådmann – i heile møtet
Eirik Haga	Ordførar – i heile møtet
Kenneth Stokke	Økonomisjef – i heile møtet
Anita Lønnebakken Sævild	Styreleiar Vaksdal AO-senter – i PS 27/19
Stefano Giusti	Dagleg leiar Vaksdal AO-senter – i PS 27/19
Ann Kristin Bolstad	Kommunalsjef oppvekst – i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Boris Groth
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 23/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 24/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 25/19	Orientering frå rådmann - presentasjon av ny rådmann i Vaksdal kommune		2017/40
PS 26/19	Forvaltningsrevisjon interkommunal legevaktteneste - godkjenning av prosjektplan		2019/37
PS 27/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 28/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 29/19	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Vaksdal kommune		2017/46
PS 30/19	Revisjonsplan 2019 for Vaksdal kommune		2017/28
PS 31/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 32/19	Referatsaker		
RS 11/19	Løypemelding om prosjekt for kontroll av arbeidstilhøve for tilsette som arbeider ved Dale barne- og ungdomsskule		2018/74
RS 12/19	Finansrapport - forvaltning av gjeldsportefølgje og finansieringsavtaler - rapport 2018		2017/28
RS 13/19	Finansrapport Vaksdal kommune pr. 3. tertial 2018 - Langsiktige finansielle aktiva		2017/28
RS 14/19	Rapport gebyrfinansierte sjølvkosttenester - etterkalkyle 2018		2017/28
PS 33/19	Eventuelt		

PS 23/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent.

PS 24/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.04.19.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.04.19 blei samrøystes godkjent.

PS 25/19 Orientering frå rådmann - presentasjon av ny rådmann i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Ikkje lagt fram.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Ny rådmann, Atle Fasteland, presenterte seg for kontrollutvalet. Rådmann fekk eit eksemplar av Kontrollutvalsboka, og den nye rådmannen blei ønskt velkommen. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

Vedtak:

Informasjonen blei teke til orientering.

PS 26/19 Forvaltningsrevisjon interkommunal legevaktteneste - godkjenning av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon av interkommunal legevaktteneste. Forslag til prosjektplan vert godkjent (evt. gjort endringar i møtet)
2. Evt. ny korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan
3. Ein samla timeressurs på inntil det timetalet som ligg i forslag til prosjektplan vert godkjent. Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten for kommunestyret vert og godkjent.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er klar frå Deloitte si side i slutten av desember 2019. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Ingrid Kalsnes frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan. Kontrollutvalet drøfta føremål og problemstillingar. Det blei konkludert med at det bør vera fokus på fordelingsnøkkel og budsjettprosess, og dette bør koma inn i prosjektplanen. Ny korrigert prosjektplan skal utarbeidast og utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna denne. Vedtak som blei fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon av interkommunal legevaktteneste. Forslag til prosjektplan vert godkjent med dei innspel som kom fram i møtet.
2. Ny korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 23.05.19. Utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna korrigert prosjektplan og endeleg timeressurs.
3. Ein samla timeressurs på inntil det timetalet som ligg i forslag til prosjektplan vert godkjent. Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten for kommunestyret vert og godkjent.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er klar frå Deloitte si side i slutten av desember 2019. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.

PS 27/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringsssenter KF - Uttale frå kontrollutvalet**Forslag til uttale:**

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF i 2018 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 243.117 og eit netto driftsresultat på + 5,42 %, noko som er over både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU..
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send til kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019**Handsaming i møtet:**

Styreleiar Anita Sævild presenterte Vaksdal AO-senter og informerte om drifta og arbeidsområda som bedrifta driv med. Rekneskapen og årsmelding blei kort presentert. Dagleg leiar Bruno Giusti supplerte og med opplysningar. Kontrollutvalet kom med kommentarar og stilte spørsmål som blei svara på. Silje Fossdal presenterte kort revisjonsmeldinga. Forslag til uttale blei samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF i 2018 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 243.117 og eit netto driftsresultat på + 5,42 %, noko som er over både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU..
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send til kommunestyret via formannskapet.

PS 28/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019**Handsaming i møtet:**

Økonomisjef Kenneth Stokke presenterte årsrekneskapen og gjennomgjekk nøkkeltall og hovedtrekka i årsresultatet. Silje Fossdal frå Deloitte presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport. Rådmann Atle Fasteland kom og med kommentarar og peika særleg på utfordringar som ligg for den økonomiske utviklinga vidare framover. Uttalen til rekneskapen blei så gjennomgått og drøfta. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2018.

PS 29/19 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Uavhengighetserklæringa blei gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til orientering.

PS 30/19 Revisjonsplan 2019 for Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Silje Fossdal frå Deloitte presenterte revisjonsplan og kontrollutvalet hadde ikkje merknader til denne. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.

PS 31/19 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Det var ingen saker ein ønskte å ta opp eller be om meir informasjon om på nåverande tidspunkt. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 32/19 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

Desse referatsakene blei handsama i møte:

- RS 11/19 – Løypemelding om prosjekt for kontroll av arbeidstilhøve for tilsette som arbeider ved Dale barne- og ungdomsskule.
Ingrid Kalsnes orienterte om stoda i arbeidet med prosjektet. Oppstart av prosjektet går som planlagt og så langt ser det ut til at rapport kan leverast innanfor avtalt tidsramme. Informasjonen blei teke til orientering.

- RS 12/19 – Finansrapport – forvaltning av gjeldsportefølgje og finansieringsavtaler – rapport 2018
Økonomisjef Kenneth Stokke informerte om rapporten. Informasjonen blei teke til orientering.
- RS 13/19 – Finansrapport Vaksdal kommune pr. 3. tertial 2018 – Langsiktige aktiva
Økonomisjef Kenneth Stokke informerte om rapporten. Informasjonen blei teke til orientering.
- RS 14/19 – Rapport gebyrfinansierte sjølvkosttenester – etterkalkyle 2018
Økonomisjef Kenneth Stokke informerte om rapporten. Informasjonen blei teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 33/19 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2019

Handsaming i møtet:

To saker blei teke opp under eventuelt:

1. Kari Nygard opplyste at dette var hennar siste møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune. Ho vil slutta i stillingen sin og gå av med pensjon i løpet av sommaren. Kontrollsjef Einar Ulla vil overta sekretær-oppgåva for kontrollutvalet i Vaksdal kommune til hausten, seniorrådgjevar Roald Breisten vil også vera med på første møte til hausten.

Utvalsleiar overrekte blomehelsing og takka Kari Nygard for samarbeidet, og ho takka og tilbake for tida ho har vore sekretær for utvalet.

2. Møtestad for neste møte i kontrollutvalet blei avtala til kommunestyresalen i heradshuset på Dale. Då vil opp-pussingsarbeidet vera ferdig.

Vedtak:

Sakene under eventuelt blei samrøystes teke til orientering.